



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Administrasjonsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 12.01.2016
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/16	Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal
PS 4/16	Debattheft - KS spør. Hovudtariffoppgjeret 2016

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2015/2360
		Arkivkode:	442, &00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/15	Arbeidsmiljøutvalet	30.11.2015
2/15	Administrasjonsutvalet	17.12.2015
3/16	Administrasjonsutvalet	12.01.2016

RETNINGSLINER FOR SPESIALBRILLER TIL BRUK VED SKJERMTERMINAL

Handsaming:

Sølvi Dimmen kom med slikt tillegg til tilrådinga frå arbeidsmiljøutvalet:

Administrasjonsutvalet rår til at tilskot til innfatning vert sett til kr. 1500.-

Røysting:

Tilrådinga frå arbeidsmiljøutvalet, med tillegget frå Sølvi Dimmen, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i administrasjonsutvalet - 17.12.2015 til formannskapet:

Administrasjonsutvalet tilrår at "Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal" vert vedteke som dei ligg føre. Verknadstid frå vedtaksdato. Retningsliner, sist tilpassa ny organisering per 01.01.01, går ut frå same dato.

Administrasjonsutvalet bed om at det på skjema vert teke med ei vurdering om bruk av bedriftshelsetenesta ved eigenmåling.

Administrasjonsutvalet rår til at tilskot til innfatning vert sett til kr. 1500.-

Handsaming:

Personalsjef Oddny Vatnehol kom med slikt tillegg:

Arbeidsmiljøutvalet bed om at det på skjema vert teke med ei vurdering om bruk av bedriftshelsetenesta ved eigenmåling.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegget frå personalsjefen, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 30.11.2015:

Arbeidsmiljøutvalet tilrår at "Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal" vert vedteke som dei ligg føre. Verknadstid frå vedtaksdato. Retningsliner, sist tilpassa ny organisering per 01.01.01, går ut frå same dato.

Arbeidsmiljøutvalet bed om at det på skjema vert teke med ei vurdering om bruk av bedriftshelsetenesta ved eigenmåling.

Administrasjonen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tilrår at "Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal" vert vedteke som dei ligg føre. Verknadstid frå vedtaksdato. Retningsliner, sist tilpassa ny organisering per 01.01.01, går ut frå same dato.

Vedleggsliste:

1. Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal – revidert versjon
2. Skjema "Databriller til bruk ved skjermterminal"
3. Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal – gamal versjon
4. Innspel frå Utdaningsforbundet datert 12.oktober 2015

Uprenta saksvedlegg:

Arbeidstilsynet si veiledning: Arbeid ved dataskjerm, best.nr. 540

Samandrag av saka:

Retningsliner for spesialbriller til bruk ved skjermterminal var sist revidert i 2001. Endringar som no er lagt inn er i tråd med lovverk og ansvaret for oppfølging og godkjenning kan bli lagt til den einskilde sektor. Det er tidlegare gjort vedtak om databriller med heimel i retningslinene, dette er no forenkla til eit skjema som fyl saka og vert lagt på personalmappa på ephorte.

Saksopplysningar :

På Arbeidstilsynet sine sider ligg denne informasjonen om terminalbriller:

"Definisjon av databriller

Databriller er eit hjelpemiddel på arbeidsplassen for å forbetre synet til arbeidstakarar som jamleg eller under ein stor del av arbeidet sitt jobbar ved ein dataskjerm.

Databrilla vil som oftast vere ei einstyrke-brille som er tilpassa avstanden til dataskjermen.

”...” Standard progressive briller som eignar seg til dagleg bruk, ikkje kan bli definerte som databriller. ”....”

Retten til synsundersøking

Arbeidstakarar som arbeider ved ein dataskjerm, har rett til å få ei synsundersøking. Viss det oppstår synsproblem som ein vurderer heng saman med arbeid ved dataskjermen, har arbeidstakaren rett til å få dekt utgiftene i samband med synsundersøking og tilpassing av databriller, gjort av ein augelege/optikar.

Behov for databriller

Behovet for briller blir påverka av alderen til arbeidstakaren, brytingsfeil i auget, arbeidsmengd og arbeidstid framfor skjermen. ”...” Personar under ca. 40 år vil som regel ikkje ha behov for ei eiga brille på jobb, sidan fokuseringsevna til auga kompensere for dei forskjellige synsavstandane. Dette betyr at same brille vil kunne brukast både for å sjå på avstand og på nært hald, og vil vere den vanlege brilla til arbeidstakaren.

Utgifter

Arbeidsgivaren pliktar å dekke dei nødvendige utgiftene til databrilla. Det er ikkje fastsett noka beløpsgrense. Kva som er nødvendig, må bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det er i utgangspunktet ein spesialist (augelege, optikar) som må vurdere kva for behov ein har. Dersom ein sjølv ønsker meir kostbare løysingar enn det som er nødvendig, vil ikkje arbeidsgivaren vere forplikta til å dekke dette.”

Ein har fram til no gjort vedtak i søknader om databiller. Dette har lege til personalavdelinga. Vedtaka har vore heimla i ”Retningsliner for spesialbriller til bruk ved dataskjerm”.

Dei største endringane i retningslinene er:

- Oppdatering i høve lovverk
- Enklare handsaming i sakene ved å nytte skjema som kombinerer søknad, uttale frå optikar/augelege og godkjenning med refusjon av utgifter event. ikkje godkjent.
- Tydelegare definisjonar
- Tydelegare skildring av saksgangen
- Opnar for delegasjon til den einskilte sektor

Det er ikkje lagt opp til endringar når det gjeld dekning av utgifter til innfatning på kr. 800.-

Forslag til nye rutinar er sendt på høyring til arbeidstakarorganisasjonane og har vore diskutert i kontaktemøte. Innspel frå kontaktemøte var det må presiserast kva ein legg i: ”dagleg og vesentleg del av stillinga” og at retningslinene bør inngå i internopplæring for leiarar. Frist for skriftlege innspel vart satt til 1. november. Det kom skriftleg innspel frå Utdanningsforbundet (vedlegg 3).

Forslaget var og sendt på høyring til leiargruppa. Det kom ingen merknader til forslaget.

Vurdering og konklusjon:

Ein har vurdert innspelet frå Utdanningsforbundet og har valt å endre ”dagleg og i ein vesentleg del av arbeidstida” til slik det står i lovheimelen ”jamleg og som ein betydeleg del av sitt arbeid” Samstundes har ein presisert kva ein legg i ”betydeleg del av sitt arbeid” ved at ein i vurderinga av behov skal ta utgangspunkt i 100% stilling.

Rådmannen ser det som teneleg at ein får ein enklare saksgang og tilrår retningslinene som dei ligg føre. Verknadstid frå vedtaksdato. Retningsliner, sist tilpassa ny organisering per 01.01.01 går ut frå same dato.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:

Nei

Rune Sjurgard
Rådmann

Oddny Vatnehol
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektorane

Arbeidstakarorganisasjonane

Retningslinjer for spesialbriller til bruk ved skjermterminal

Omfang/Virkeområde

Reglementet gjeld for fast tilsette arbeidstakarar i Volda kommune som jamleg og som ein betydeleg del av sitt arbeid jobbar ved skjermterminal jfr. Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 14-4. Med "betydeleg del av sitt arbeid" skal ein i vurderinga ta utgangspunkt i 100% stilling.

Definisjonar

Spesialbriller til bruk ved skjermterminal, heretter kalla databriller er eit hjelpemiddel på arbeidsplassen for å forbetre synet til arbeidstakarar som jamleg eller under ein stor del av arbeidet sitt jobbar ved ein skjermterminal.

Databrilla vil som oftast vere ei einstyrke-brille som er tilpassa avstanden til skjermterminalen.

Standard progressive briller som eignar seg til dagleg bruk, er ikkje definerte som databriller. Arbeidsgivaren skal ikkje dekkje utgifter til briller/kontaktlinser som arbeidstakaren treng i dagleglivet/utanom jobben.

Behov

Dersom arbeidstakar som arbeider ved skjermterminal rapporterer om plager i auger eller hovudet, skal arbeidsgjevar, så langt det er praktisk mogleg, forsøke å legge tilrette arbeidet på ein slik måte at plagene opphøyrer. Enkelte arbeidstakarar vil likevel ha behov for spesielle briller.

Ved anskaffing av databriller til bruk ved skjermterminal gjeld fylgjande:

- Arbeidstakaren må ta kontakt med næraste leiar for vurdering/gjennomgang av arbeidsplassen. Der synsundersøking er ynskjeleg etter arbeidsplassgjennomgang fyller ein ut skjemaet "Spesialbriller til bruk ved skjerm"
- Utfylt skjema skal takast med til optikar/augelege.
- Optiker/augelege vurderer om den tilsette har behov for databrille.
- Dersom det er behov for databrille kan arbeidstakar, etter dokumentert søknad, få dekt utgifter til slik brille.
- Dersom undersøkinga hjå optikar gjer det nødvendig å henvise til undersøking av augelege, har arbeidstakar rett til å bli henvist til dette.

Dekning av utgifter

Dersom det oppstår synsproblem som ein vurderer heng saman med arbeid ved skjermterminal, har arbeidstakar rett til å få dekt utgiftene i samband med synsundersøking. Utgifter til augelegeundersøking vert dekt av arbeidsgjevar utifrå normaltariff for legeforeininga. Det er her ein føresetnad at plagene har samanheng med arbeidsforholda.

Ved dokumentert behov får tilsette dekt utgifter til databriller. Spesialglas for fleire arbeidsavstandar kan dekkast ved spesielle arbeidsforhold dersom det er kryssa av

på måleskjemaet for dette. Til dømes kan utgifter til progressive briller verte dekt for tilsette som har sitt faste arbeid med vekslende behov for dataskjerm og ekspedisjon/skranke (informasjon).

Utgiftene må haldast innanfor rimelege grenser. Kostnaden til innfatninga vert dekt innanfor ein sum på maksimum kr. 800,-. Om den tilsette har valt dyrare innfatning eller andre glas enn det som vert vurdert som naudsynt, skal det overskytande betalast av den tilsette sjølv.

Dersom korreksjonsbehovet endrar seg, vil det normalt ikkje verte gitt nytt tilskot til innfatning. Skal tilskot til ny innfatning gjevast, må det dokumenterast at slitasten på innfatninga er så stor at ny innfatning er naudsynt.

Ansvar/vidare delegering

Ansvar

Det er arbeidstakar sitt ansvar å ta opp behovet med leiar før kontakt med optikar/augelege. Dokumentert behov for databrille skal ligge ved søknad om refusjon av utgifter.

Avgjerdsmynde

Rådmannen, eller den han har delegert mynde til, avgjer søknadane etter ovanneemde reglar. I tvilstilfelle kan saka leggest fram for arbeidsmiljøutvalet til avgjerd.

Dekningspost: Den einskilde sektor/avdelinga sitt budsjett, konto

Heimel

Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning

Referansar

Retningsliner for spesialbriller ti bruk ved skjermterminal er revidert av administrasjonsutvalet.Revidert reglement gjeld frå 01.01.2016.
Vedtak i Volda kommunestyre i møte 26.september 1991, K-sak 140/91, ajourført pr. 10.10.96 p.g.a. vedtak i OU-prosjektet og tilpassa ny organisering per 01.01.01 utgår frå same dato.

Vedlegg

Rettleiing arbeid ved dataskjerm

Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften)

Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid)

DATABRILLER TIL BRUK VED SKJERMTERMINAL

Namn:..... Avdeling:..... søker med dette refusjon for databriller.

EIGENMÅLING: (Må vere utført før besøk hos optikar)

Det vert stadfesta at den tilsette arbeider jamleg og ein betydeleg del av sitt arbeid ved skjermterminal.

Får å utføre arbeidet sitt har arbeidstakar behov for godt syn på desse avstandane:

Auge – skjerm..... cm Auge – dokumentcm Auge- tastaturcm

Den tilsette treng, under arbeid ved skjerm, også å sjå skarpt på (sett kryss):

.....Langt hald (progressive databriller – for eksempel skrankepersonell)

..... Svært nært hald (data- og lesebriller)?

Dato Sign. sektorsjef/avdelingsleiar.....

VURDERING AV OPTIKAR ELLER AUGELEGE:

	Ja	Nei
Treng den tilsette briller for lesing/avstand ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fungerer desse til arbeid ved dataskjerm ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Den tilsette har behov for spesialbriller (data- /terminalbriller):	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ny innfatning vert vurdert som heilt naudsynt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Spesielle behov / grunngjeving frå optikar / augelege:		

Utlevert arbeidsbriller, er tilpassa avstand til dataskjerm, og er ikkje ei allbruksbrille eller gå/lesebrille.

Dato: Sign. optikar/augelege:.....

ARBEIDSGJEVAR SI TILVISING:

Innfatning kr.

Glas kr.....

Undersøking kr.....

Sum til utbetaling kr.

Refusjon vert godkjend / refusjonen vert ikkje godkjend.

Dato: Sign. sektorsjef/avdelingleiar:.....

**NB! Legg ved kvittering/dokumentasjon
Skjema skal scannast og leggest i ephorte på personalmappe**



Retningslinjer for spesialbriller til bruk ved skjermterminal

ID:15721626 | Forfatter: Solheim, Wenche | Godkjent av: sektorsjef, personal og org.sjef (Vatnehol, Oddny) |
Status: publisert | Oppretta: 10.11.2010 | Sist endra: 21.1.2011 | Revidert: 16.8.2013 |
Neste revisjon: 16.8.2015 | (sektorsjef, personal og org.sjef (Vatnehol, Oddny)) | Endringsnivå: Revisjon | Utgaver: 2 |
Losen-lenkje: 136x15721626

Føremål

Omfang/Virkeområde

1. Reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for fast tilsette arbeidstakarar i Volda kommune som i ein vesentleg del av arbeidstida jobbar ved skjermterminal og er heimla i Forskrift av 15.des. 1994 vedk. arbeid ved skjermterminal.

Ansvar

2. Søknad med dokumentasjon

Når det kan dokumenterast at arbeidstakar må ha ei brille spesielt for terminalbruk, kan han/ho etter søknad få dekt utgiftene til kjøp av slike briller.

Aktivitet/skildring

3. Maksimumsutgift

Utgiftene må haldast innanfor rimlege grenser. Kostnaden til synstesten og sjølve glasa vert dekt fullt ut, innfatninga og andre kostnader innanfor ein sum på maksimum kr. 800,-.

4. Avgjerdsmynde

Adm.sjefen avgjer søknadane etter ovannemnde reglar.
I tvilstilfelle kan saka leggast fram for arbeidsmiljøutvalet til avgjerd.

Dekningspost: Den einskilde avdelinga sitt budsjett.

5. Vidaredelegering

Adm.sjefen sitt mynde etter dette reglementet vert med dette vidaredelegert til personalsjefen.

Bilete og illustrasjonar

0 bilete knytt til

Vedlegg

Ingen element

Kompetanse

Hjemmel

Referansar

**Vedteke av Volda kommunestyre i møte 26.september 1991, K-sak 140/91.
Ajournført pr. 10.10.96 p.g.a. vedtak i OU-prosjektet. Tilpassa ny organisering per
01.01.01**

Utstyr

SV: Innspel på forslag til reviderte reglement/ retningslinjer - kontaktmøtesaker

Sirikit Vågen

Sendt: 12. oktober 2015 16:03

Til: Birgitte Sævik Pedersen

Ser fint ut, men har nokre få spørsmål:

Reglement for arbeidsgjevarfinansierte elektroniske tenester.

Opphøyr av avtale:

Når vi veit at levetida til elektronisk utstyr ofte er kort, så er det kanskje ei vel streng nedbetalingsordning?

Retningslinjer for spesialbriller til bruk ved skjermterminal

Omfang:

Kan ein ta vekk "dagleg" og heller ha i ein vesentleg del av arbeidstida jobbar ved skjermterminal? Vi kan ha leiarar som har 60% adm.ressurs, resten undervisning. Desse kan ha enkelte dagar som dei ikkje har adm., men må likevel omfattast av ordninga.

" Med ein vesentleg dal av arbeidstida meiner vi her meir enn halve arbeidstida". Kva med dei som har redusert stilling? Har kan ordlyden forståast slik at om ein er i 80% stilling, så er det nok å ha halve arbeidstida, altså 40%, for å få ordninga eller meiner ein her minst 50% av ei full stilling? (Få det tydeleg, slik det ikkje er rom for ulike tolkingar)

I skjemaet " Databriller til bruk ved skjermterminal"

Litt språkrøktning ;)

Disse: desse

Mvh

Sirikit Vågen

HTV Utdanningsforbundet Volda

Fra: Birgitte Sævik Pedersen

Sendt: 8. oktober 2015 15:25

Til: Sirikit Vågen; oddbjorg.rangsater@volda.kommune.no; Vydmane Solominiene; bodil.egset@volda.kommune.no; inger.stine.bjorneset@volda.kommune.no; Øivind Semb; nina.kvalen@volda.kommune.no; Siri Tangen Standal; Randi Heltne Alfsvåg; per.ernst.lundberg@volda.kommune.no; Mari Heltne; Inger Anne Brevik; Laila Valderhaug Aarseth; jorgen.vestgarden@volda.kommune.no; henrik.skovly@volda.kommune.no; Knut Hagen

Kopi: oddny.vatnehol@volda.kommune.no; solfrid.teigen@volda.kommune.no

Emne: Innspel på forslag til reviderte reglement/ retningslinjer - kontaktmøtesaker

Hei!

Vedlagt følger forslag på reviderte:

Retningslinjer for spesialbriller til bruk ved skjermterminal

Reglement for arbeidsgjevarfinansierte elektroniske tenester (EK- tenester) i Volda kommune

I samband med revidering av retningslinjer/reglement og påfyljande saker til Amu og Adm er det eit ønske med innspel frå arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombod.

Forslag til revideringar vert tatt opp som sak på kontaktmøte 22/10, men er der spørsmål eller avklaringar som må gjerast før møtet, er der fint med tilbakemelding på det.

Eg legg ved to utkast per dokument. Utkasta er likelydande, men på det eine ser ein endringane som er gjort frå det eksisterande dokumentet. I tillegg legg eg ved skjema som det er vist til i dokumenta.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2015/2439
		Arkivkode:	512

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/15	Administrasjonsutvalet	17.12.2015
4/16	Administrasjonsutvalet	12.01.2016

DEBATTHEFTE - KS SPØR. HOVUDTARIFFOPPGJERET 2016

Handsaming:

Fagforbundet og utdanningsforbundet deltok ikkje under handsaminga av saka.

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 17.12.2015

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

Vedleggsliste:

Debatthefte – KS spør. Hovedtariffoppgjøret 2016

Garantilønn og lønstillegg for ansiennitet per 01.05.2015

Samandrag av saka:

KS har som arbeidsgjevarorganisasjon fått fullmakt til å inngå sentrale tariffavtalar på våre vegne. Det er Hovudstyret i KS som vedtek forhandlingsmandatet. Dette krev brei forankring hos medlemmane, både gjennom gode politiske prosesser i kvar kommune/fylkeskommune og på dei fylkesvise strategikonferansane som KS arrangerer. KS har no sendt ut debathefte med problemstillingar og spørsmål knytt til det føreståande hovudtariffoppgjeret.

Kommunestyret har overordna arbeidsgjevaransvar i den einsskilte kommune, og rådmannen legg difor fram problemstillingane og spørsmåla i debatheftet til politisk handsaming.

Saksopplysningar (henta frå KS sitt forslag ”moment til politisk handsaming”):

1. KS som tariffpart og arbeidsgiverorganisasjon

KS er den største offentlige arbeidsgjevarorganisasjon i landet. Som overordna tariffpart forhandlar KS på vegne av medlemmene, unntatt Oslo kommune, med fire forhandlings-samanslutningar i dei sentrale tariffoppgjera. Dei fire samanslutningane er LO Kommune, Unio, YS Kommune, og Akademikarane Kommune. Disse representerer til saman 39 arbeidstakarorganisasjonar.

I høve til KS sine vedtekter skal Hovudtariffavtalen (HTA) og Hovudavtalen (HA) vedtakast gjennom uravstemming når oppgjeret er ferdig. For KS som arbeidsgjevarorganisasjon er det difor viktig at medlemmene også tek stilling til forhandlings-/eller meklingsløyisinga som vert sendt til uravstemming.

Utifrå Volda kommune sitt delegasjonsreglement at det er YY som gjev stemme på vegne av kommunen.

2. Lønnsoppgjer

Tida med høg reallønnsvekst ser ut til å være over. Auka prisar og høgare arbeidsløyse betyr svakare reallønnsvekst enn det norske arbeidstakarar har vore vant til dei siste 15 åra.

Den auka arbeidsløysa innan yrker knytt til petroleumsnæringa bidreg truleg til å trekke ned den gjennomsnittlige lønnsveksten for heile nasjonaløkonomien.

Hovudtariffavtalen gjeld for over 420 000 tilsette, som utfører 330 000 årsverk. Den samla lønnsmassen for kommunesektoren er 253 mrd. kroner.

Dei fleste arbeidstakarane i tariffområdet (ca. 90 prosent) er omfatta av systemet med sentral lønnsdanning. Det vil seie at partane sentralt avtalar lønsendringane. Ved hovudoppgjera vert det vanlegvis også sett av en pott til fordeling ved lokale lønsforhandlingar.

3. Arbeidsgjevarpolitiske utfordringar

Hovudtariffavtalen er eit viktig verkty for arbeidsgjevarpolitikken. I tillegg til å regulere løns- og arbeidsvilkår for alle tilsette, vert også andre ting som pensjon, arbeidstid og ytingar under sjukdom m.m. regulert.

Tema som kan være aktuelle i tariffoppgjeret 2016 er bidrag for å styrke arbeidet med heiltidskultur og økt nærvær. Framtida sine rekrutterings- og kompetanseutfordringar vert og sett på i debatheftet.

Pensjon vert venta å vere eit sentralt tema i det komande tariffoppgjeret. KS ser moglegheiter for tilpassingar i offentlig tenestepensjon og AFP (avtalefesta pensjon). Dette kan gje fordelar både for kommunane, arbeidstakarane og samfunnet. Regjeringa har starta eit arbeid med å utgreie moglege endringar.

Gode offentlege pensjonsordningar er et viktig rekrutteringsargument for kommunane. KS sine målsetningar for tilpassingane er at dei:

- gjev meir forutsigbare pensjonsutgifter for arbeidsgjevarane
- bidreg til å avgrense kostnadsveksten
- gjer offentlig tenestepensjon og AFP meir tilpasset arbeidslina
- bygger på de same prinsippa som alderspensjon i folketrygda
- legg betre til rette for mobilitet mellom offentlig og privat sektor
- sikrar fortsatt gode pensjonsordningar i offentlig sektor

4. Spørsmål til debatt

I debattheftet for 2016 vert fyljande åtte spørsmål stilt:

1. Kva element i oppgjeret (f.eks. lokal pott eller generelle tillegg) skal prioriterast?
2. Kva stillingsgrupper bør eventuelt prioriterast ved sentrale tillegg?
3. Er det behov for å bruke delar av disponibel ramme til tilpassingar til det nye lønssystemet?
4. Korleis kan Hovudtariffavtalen bli eit betre verkty for å utvikle ein heiltidskultur?
5. Er det behov for endringar i Hovudtariffavtalen sine sjukelønsbestemmingar for å oppnå ei enklare praktisering av regelverket?
6. Er det behov for endringar i avtaleverket som kan bygge opp under økt nærvær? I så fall kva for endringar?
7. Er denne gjennomgangen av pensjon i samsvar med kommunen sitt synspunkt?
8. Ser kommunen behov for særskilte endringar i særavtalar som går ut i 2016? I så fall – kva for endringar?

Fristen for innsending av behandling av debattheftet er **15. februar 2016**. KS Møre og Romsdal arrangerar Strategikonferansen 2016 og fylkesmøte på **Quality Hotel Alexandra i Molde den 2. og 3. mars**.

Til spørsmåla over har administrasjonen slike tankar/merknader:

1. Element i oppgjeret som skal prioriterast, generelle tillegg eller lokal pott:
 - a. Dersom dei store gruppene skal løftast, må generelle tillegg prioriterast.
2. Prioritering av stillingsgrupper ved sentrale tillegg:
 - a. Dei store gruppene, som fagarbeidarar og høgskuleutdanna. Det er vanskeleg å gjere noko for desse i lokale forhandlingar dersom lokal pott vert på same storleik som den har vore dei siste åra.
 - b. Det er svært liten lønsdifferanse mellom assistent med 20 års ansiennitet og fagarbeidar. Skal ein klare å motivere til kompetanseauke, at fleire tek fagbrev, må ein prioritere å gjere differansen større. Kompetanse må lønne seg.
3. Behov for tilpassing til nytt lønssystem av disponibel ramme:
 - a. Ved gjennomgang lokalt ser ein nokre uheldige konsekvensar. Å utjamne dette lokalt vil føre til ein så stor kostnad at det umoglege let seg gjere, då det vil ha ein dominoeffekt på andre yrkesgrupper. Det vil utifrå vårt syn vere betre å leve med dei skeivskapane som er. Mulig at ein burde tenke maksimumsløn for einskilte stillingsgrupper. Ein ser og ei utfordring med lokal lønsfastsetjing for dei med låg ansiennitet, nettopp fordi påslaget vert teke med i åra frametter. Dette kan føre til at ein dei neste oppgjera må nytte pott til å utjamne det som tidlegare har vore gjeve om ein ikkje lokalt, som ein del av lønspolitikken, har plan om at differensiert lønsfastsetjing er hovudregelen.
4. Hovudtariffavtalen som verkty for utvikling av heiltidskultur:

- a. Utifrå dei siste endringar i arbeidsmiljøloven er det moglegheiter for at ein lokalt skal kunne få til arbeidsplanar som fremmar heiltid. Ein finn det vanskeleg å avtale/vedta ein heiltidskultur då det er mange moment som er medverkande til dette; haldningar, lokale forhold, tilgang på arbeidskraft, økonomiske insitament m.m. Den største utfordringa ligg i helge- og søndagsarbeid. Den einskile arbeidstakar set fritid høgt og det er vanskeleg å få til avtalar og arbeidsplanar som fremmar meir helgearbeid.
5. Behov for endringar i HTA i høve sjukelønsbestemmingar:
 - a. Lønsauke som er gjeve i sjukmeldingsperioden bør ikkje tilfalle arbeidstakar før vedkomande er attende i arbeid. Dersom vedkomande er delvis sjukmeldt, bør berre lønsauka betalast ut på den delen av stillinga som vedkomande er i arbeid. Bakgrunn: Vi får ikkje refusjon med Nav på lønsauke gjeve i sjukmeldingsperiode. Arbeidsgjevar taper såleis pengar.
 - b. Høgtids-/heilagdagstillegga bør ikkje kome til utbetaling dersom vedkomande er sjukmeldt. Same grunn som over.
 - c. For turnusarbeidarar som set seg opp på tilfeldige vakter, bør ikkje laurdags-/søndagstillegg samt kvelds - /natt-tillegg kome til utbetaling dersom arbeidstakar melder seg sjuk/vert sjukmeld. Også dette av same grunn som over.
 6. Endringar som kan føre til økt nærvær:
 - a. Ingen merknader
 7. Pensjonsgjennomgangen og kommunen sitt syn:
 - a. Vi ser fram til å få betre tilpassing mellom offentleg og privat sektor.
 8. Generelt:
 - a. Verknadsdato for sentrale og lokale tillegg til uorganiserte bør setjast til same dato som for organiserte, også ved streik eller brot i lokale forhandlingar. Slik det er i dag, kan uorganiserte ved ein streik få sentralt tillegg per 01.05, medan dei streikande t.d. ikkje får tillegg før etter at mekling er gjennomført.


Vurdering og konklusjon:

Rådmannen legg saka fram for politisk drøfting, handsaming og vedtak utan tilråding.

Rune Sjurgard
Rådmann

Oddny Vatnehol
Konst. personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
KS Møre og Romsdal



Debatthefte – KS spør

Hovedtariffoppgjøret 2016



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

INNHold

FORORD

03

ARBEIDSGIVERORGANISASJONEN KS,
MANDATPROSESSEN,
MEDLEMMENE OG PARTENE

04

LØNNSOPPGJØRENE I NORGE
DET INNETKTSPOLITISKE SAMARBEIDET OG
FRONTFAGET

05

ØKONOMISKE ANSLAG OG
FORUTSETNINGER FOR 2016
LAVERE FORVENTET REALLØNNSVEKST

06

REKRUTTERING, LØNN OG
LØNNSFORHANDLINGER

10

ARBEIDSGIVERPOLITISKE
UTFORDRINGER

14

OFFENTLIG TJENESTEPENSJON
TEMA I 2016

17

RESULTATET VEDTAS AV
MEDLEMMENE
SÆRAVTALEFORHANDLINGENE I
2016

Til kommunene og fylkeskommunene



Våren 2016 skal Hovedtariffavtalen forhandles og det skal gjennomføres sentrale lønnsforhandlinger i KS-området.

Som arbeidsgiverorganisasjon har KS fått fullmakt av medlemmene til å inngå sentrale tariffavtaler på deres vegne. Det er Hovedstyret i KS som vedtar forhandlingsmandatet. Dette kan imidlertid ikke gjøres uten en bred forankring hos medlemmene, både gjennom gode politiske prosesser i hver kommune og fylkeskommune, og på de fylkesvise strategikonferansene som KS arrangerer. Disse konferansene er svært viktige møteplasser for mandatprosessen i KS. At kommunesektoren står samlet bak behov og prioriteringer, gir KS en solid forhandlingsposisjon og grunnlag for å oppnå et godt forhandlingsresultat på vegne av medlemmene.

Debattheftet gir nyttig bakgrunnsinformasjon og en oversikt over sentrale problemstillinger som kan bli aktuelle i tariffoppgjøret 2016.

Fylkestinget/kommunestyret har det overordnede arbeidsgiveransvaret og KS oppfordrer derfor til at problemstillingene og spørsmålene i debatheftet behandles politisk. Svarene er vesentlige bidrag til vedtak som skal fattes av KS fylkesmøte (eller fylkestyre) i etterkant av strategikonferansene, og som deretter vil inngå som en viktig del av hovedstyrets beslutningsgrunnlag når mandatet vedtas.

KS i fylkene inviterer til strategikonferanser og fylkesmøter i perioden januar – mars 2016. Her presenteres det mer utfyllende og oppdatert informasjon som grunnlag for dialog og debatt.

Jeg vil dessuten minne om at medlemmenes involvering ikke er over etter å ha gitt KS tilbakemeldinger før lønnsoppgjøret. Det er også svært viktig at medlemmene svarer når Hovedtariffavtalen sendes på uravstemning forsommeren 2016.

God debatt!

Oslo, november 2015

Lasse Hansen
Administrerende direktør

Arbeidsgiverorganisasjonen KS, mandatprosessen, medlemmene og partene

KS er landets største offentlige arbeidsgiverorganisasjon. Som overordnet tariffpart forhandler KS på vegne av medlemmene, unntatt Oslo kommune, med fire forhandlings sammenslutninger.

Det er Hovedstyrets mandat som er grunnlaget for administrasjonens forhandlinger med LO Kommune, Unio, YS Kommune, og Akademikerne Kommune. Disse fire sammenslutningene representerer 39 arbeidstakerorganisasjoner.


Alle kommuner og fylkeskommuner (unntatt Oslo) har gitt KS fullmakt til å inngå og si opp sentrale tariffavtaler på vegne av medlemmene. I henhold til vedtektene skal Hovedtariffavtalen og Hovedavtalen vedtas gjennom uravstemning. For KS som arbeidsgiverorganisasjon er det derfor viktig at medlemmene faktisk tar stilling til forhandlings-/eller meklingsløsningen som sendes til uravstemning. Hvem som avgir stemme på vegne av kommunen/fylkeskommunen vil normalt fremgå av delegeringsreglementet. Alle medlemmer blir bundet av et uravstemningsresultat når det foreligger. Det samme gjelder hovedstyrevedtak der Hovedstyret fatter vedtak om godkjenning av et forhandlingsforslag (gjelder mellomoppgjøret og sentrale særavtaler).



VISSTE DU AT...

...medlemmenes plikter og rettigheter, samt KS' fullmakter, ligger i vedtektene for arbeidsgivervirksomheten? «Medlemmene er bundet av gjeldende tariffavtaler og er forpliktet til å fastsette lønns- og arbeidsvilkår for ansatte i samsvar med disse.»

Gjennomføring av tariffoppgjør – i korte trekk



Lønnsoppgjørene i Norge

– det inntektspolitiske samarbeidet og frontfaget

